

Vår referanse 2021/7321-8
Dato 07.06.2021«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Fordeling av grunntilskot og administrasjonstilskot til vaksenopplæring 2021 i Vestland

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til Administrasjonstilskot og grunntilskot til vaksenopplæring 2021.

De vart tildelt tilskot på kr «TS_INNVILGET»

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering vedtok i møte 19. mai 2020 retningsliner for administrasjonstilskot til vaksenopplæringstiltak. Tilskotet vert utrekna etter timetalet for to år sidan ut i frå statistikken til Statistisk Sentralbyrå. Vestland fylkeskommune har til fordeling tilskot til godkjende studieforbund som har dokumentert vaksenopplæringsaktivitet i Vestland. Stønad til vaksenopplæringstiltak (grunntilskot og administrasjonstilskot) vert etter dei nye retningslinene utbetalt til det studieforbundet organisasjonane er med i.

For 2021 er det til rådvelde kr 400 000 til vaksenopplæring. Studieforbund (søklarar) som stettar krava til administrasjonstilskot har rett på eit grunntilskot på kr 5 000 (det vert berre gitt grunntilskot til studieforbund som har SSB-registrert minst 500 studietimar i Vestland). Den resterande summen, kr 365 000 vert å dela på studieforbunda (søklarane) etter SSB-talet på kurstimar for 2 år sidan. Samla kurstimetal for 2019 var 154 908 timar.

Administrasjonstilskotet til vaksenopplæring 2021 frå Vestland fylkeskommune vert fordelt slik:

	Organisasjon	Kurstimar	Grunntilskot	Adm.tilskot	Totalt
1.	Kristelig Studieforbund (K-stud)	13 369	5 000	31 500	36 500
2.	Studieforbundet Funkis	16 777	5 000	39 531	44 531
3.	Studieforbundet kultur og tradisjon	15 096	5 000	35 570	40 570
4.	Idrettens Studieforbund	8 199	5 000	19 319	24 319
5.	Musikkens Studieforbund	45 778	5 000	107 864	112 864
6.	Studieforbundet Folkeuniversitetet	48 365	5 000	113 959	118 959
7.	Studieforbundet natur og miljø	7 324	5 000	17 257	22 257
	Summering	154 908	35 000	365 000	400 000

Utbetaling

Utbetaling av tilskot skjer i hovudsak gjennom elektronisk faktura i EHF-format. Elektronisk fakturaadresse: **9908:821311632**

Aksesspunkt: Visma

Saksnummer: 2021/7321

Deres referanse» Skal merkast med 10608.

Beløpet vil bli utbetalt når Vestland fylkeskommune har mottatt og behandla EHF-faktura med korrekt merking med saksnummer og ressursnummer.

De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Innsending av dokumentasjon

Det er eit krav at organisasjonane skal senda inn godkjent årsmelding og rekneskap for 2020 saman med søknaden. Grunna koronasituasjonen er det fleire organisasjonar som har utsett årsmøte til hausten 2021. Kravet vert difor at manglande dokumentasjon vert ettersender snarast etter gjennomført årsmøte.

Kontroll:

- Misleghald i bruk av tilskotet kan føre til krav om attendebetaling av heile eller deler av tilskotet, eller eventuelt andre sanksjonar.
- Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor skal ha høve til å setje i verk kontroll med at tilskotet er nytta som føresett. Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkrevd ved kontroll.

Informasjon og tilgjenge:

- Det skal komme tydeleg fram i informasjonsmateriell med meir at fylkeskommunen er tilskotsgjevar. <https://www.vestlandfylke.no/om-oss/grafisk-profil/>
- Ved opne arrangement med publikum er det eit krav at ein aksepterer følgjekort for funksjonshemma.

Innsynsrett

Saksframstillinga er offentleg, og de finn den på fylkeskommunen si nettside, www.vlfk.no, under Politikk. Her finn de nærmare informasjon om vurdering og grunngjeving for vedtaket. De har rett til å sjå alle dokument i saka. Eventuelle spørsmål i tilknytning til dette brevet kan de rette til sakshandsamar.

Klage

Det er høve til å klage på vedtaket innan tre veker etter at de har motteke dette brevet. Ein eventuell klage skal sendast til Vestland fylkeskommune på e-post til post@vlfk.no. Det må komme tydeleg fram kva ordning og søknadsfrist klagen er knytt til.

Klagen må innehalde opplysningar om

- kva vedtak ein klagar på
- kva endring ein ønskjer
- kvifor ein klagar
- andre opplysningar som kan telje med når klagen skal vurderast

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Ronny Bjørnar Skaar
seksjonsleiar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift